



Olje- og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Fitjar, 13.05.2015

Høyringsinnspel OED-høyring 15. april 2015 - endring av energiloven

Fitjar Kraftlag SA er eit samvirkeleg som står for kraftforsyning i Fitjar kommune og delar av Bømlo- og Stord Kommune.

Innleiing

Fitjar Kraftlag SA ser argument både for og imot lovendringa som blir presentert i OED - høyringa. Forslaget er samsvarande med OED rapporten «Et bedre organisert strømnett», og dermed er det ikkje forventa nye innspel til denne høyringa. Me vel likevel å kommentera høyringa.

Argumenta om effektivitet kjem med dokumentasjon i statistiske betraktingar. Det er ikkje presentert tilstrekkelig dokumentasjon på at det framlagde kravet er samfunnsøkonomisk det beste for framtida, og dermed “til kundens beste”. Det er til dømes ingen plass trekt fram leveringssikkerheit, leveringskvalitet, kundefokus og service som motvekt til argument om “ineffektiv drift”. Eller rettare sagt “*ineffektiv økonomisk drift utan å samanlikna levert produkt, men kanskje ikke samfunnsøkonomisk ineffektiv drift*”. Fitjar Kraftlag sine kundar blir til dømes ein liten del av vestlandets største selskap. Under større hendingar i nettet som til dømes “NINA” ville våre kundar bli prioritert ned, då KILE-kostnadane er lågare, vekta mot andre områder i forsyningsområdet til eit stort selskap. Dette er det same som me må gjera under sånne forhold, men det som er vårt sentrum, er utkant i vestlandets største selskap. Dette må takast omsyn til i framtidig regulering.

Eit døme som er lite diskutert, er framtidas nett som blir trekt fram som eit "smart nett". I eit smart nett er det koplinga mellom kraftnett og "informasjonsnett" som er ryggmargen. Korleis skal ein få til eit smart nett i framtida dersom nettverksemda ikkje kan vera tett knytt til fiberverksemde? Dersom nettselskapets behov for kommunikasjon skal kjøpast i marknaden kan dette bli unødig dyrt der det berre er ein fiberleverandør, kanskje ingen i det heile.

Fiberutbygginga i Noreg i dag er samanfallande til utviklinga av kraftnettet på 50-tallet og frametter. Det er samfunnsøkonomisk dyrt å føra fram parallelle linjer/kablar, og det vert nytta statstøtte for at flest mogleg skal få tilgang til fibernet. I framtida ser ein samanfallande driftsmodellar som fornuftig sjølv om dagens NVE-modell har svakheitar, spesielt ved samanlikning mellom selskap. Fiberinfrastrukturen er mykje lik kraftnettet og kan driftast med same regulering, medan det kan vera konkurranseutsette innhaldstenester, som det er i dagens kraftmarknad. Dagens fiberutbygging gjer at nokon kundar kanskje kan velja mellom 2 ulike leverandørar mens mange i distrikta berre kan drøyma om framtidas nett ("informasjonsnettet"). Alle som har litt økonomisk forståing skjønar kvifor det vert sånn.

Eit framtidas "informasjonsnett" vil vera like viktig for nasjonen Noreg som kraftnettet vårt har vore. Etter kvart også viktig for liv og helse, når framtidas helse og omsorg blir flytta ut i våre eigne heimar, som me allereie ser pilotprosjekt på. Men aller viktigast for å behalda eit mangfald av innovative bedrifter som genererer arbeidsplassar der folk ynskjer å busetja seg. I framtida vil me både på jobb og på fritida "forbruka" mykje meir datakapasitet. Sjølv om trådlause løysingar stadig får betre kapasitet er det fibernettet som er ryggrada i informasjonssamfunnet.

Kraftnettet og "Informasjonsnettet" må gå hand i hand for at me skal kunna få ei samfunnsmessig optimal infrastrukturløysing for Noreg, spesielt i distrikts-Noreg.

Kommentarar

Forskrift som beskriv nettverksemda sitt høve til å selja eller leige ut eigen kapasitet bør leggjast fram på høyring så snart som mogleg etter lovendring og før 1.1.2016, slik at ei optimal organisering av nettverksemda kan gjennomførast.

Alle kostnadsbarrierer som kan vera til hinder for overføring av nettverksemder må det gjevast dispensasjon/ eller overgangsordning for, til dømes skattar og avgifter. Dette må gjelda alle selskapsformer. Dette er viktig, då det er ei lovendring som ligg til grunn for omstrukturering av nettverksemda.

Eit stort hinder for å nå det uttalte målet om færre selskap er tariffdifferansar mellom dagens selskap. Desse kan vera store sjølv om områda ligg geografisk tett og selskapa som i dag driv kraftforsyning, i det store biletet, er relativt like (kundar, effektivitet, nettkapital til dømes). Her må det lagast gode overgangsordningar som fjernar "tariffhinderet".

Det er viktig og gje selskap som samvirkelag tilstrekkelig tid til tilpassing, då det er krav til fleire ordinære årsmøter for å vedteksendring. For å tilpassa seg ny lov er det behov for vedtektsendringar. Framlegg til endring kjem også parallelt med ei tid med store pålagde investeringar, som til dømes AMS. Både AMS og krav til selskapsmessig og funksjonelt skilje medfører store kostnader, i tillegg til generelle nettinvesteringar.

Det er viktig for små selskap som må vurdera ulike tilpassingar til den nye lova, å få ein tidleg indikasjon på moglegheitene for dispensasjon, då tilpassing til ny lov vil bli kostbar for kundane. Dersom det i realiteten ikkje vil bli gjeve opning for å få dispensasjon, kan ein unngå unødig bruk av ressursar for utredning og søknad om dispensasjon.

Det bør snarast mogleg setjast i gang arbeid med utredning i tilknyting til kraftledningsregisteret som departementet skisserer.

Distribusjonssystemoperatører (DSO) er per definisjon kvart selskap. Det er i denne høyringa ikkje tatt med vurderingar rundt DSO og den utvida tolkinga som er presentert i rapporten «Et bedre organisert strømnett». Me ynskjer like fullt å kommentera dette punktet. Det vil i framtidas nett vera behov for ein driftsoperatør også i dagens distribusjonsnett, noko tilsvarende som dagens sentralnett. Dette er berre eit behov ved dagleg operativ drift 24/7, for å oppretthalda leveringskvaliteten. Det kan ikkje leggjast noko meir til denne rolla, som vil krenkja kvart selskap sin suverenitet knytt til avgjerdslar vedrørande selskapet, nettet, eller drifta.

Med venleg helsing

Fitjar Kraftlag SA


Håvard Singelstad
FITJAR KRAFTLAG
Håvard Singelstad

Elverksjef